

Notat 2008–6

Økonomien i jordbruket på Vestlandet

Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret, 1997–2006
Økonomi og arbeidsforbruk på sortsniva i fruktodyrkinga
Økologisk mjølkeproduksjon

Torbjørn Haukås
Ane Margrethe Lyng
Anastasia Olsen
Rune Ommedal
Jon Sværen



Tittel	Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret, 1997–2006. Økonomi og arbeidsforbruk på sortsnivå i fruktdyrkinga. Økologisk mjølkeproduksjon
Forfattarar	Torbjørn Haukås, Ane Margrethe Lyng, Anastasia Olsen, Rune Ommedal, Jon Sværen
Utgjevar	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgjevingsstad	Oslo
Utgjevingsår	2008
Tal sider	90
ISBN	978-82-7077-705-1
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet for jordbruks- og skogbruksområdet; dette omfattar også arbeidet med driftsgranskingsrapportene.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskingar i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Det er stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet. I tillegg er det eit mål for NILF å gjere data frå driftsgranskingane lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 168 bruk frå Vestlandet i granskinga, knapt 60 bruk frå kvart fylke. Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel tre er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbrukssektoren. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruks godt dokumentert.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Jon Sværen er ansvarleg for tabellane i kapittel sju, Rune Ommedal har skrive kapittel to, Ane Lyng kapittel tre og Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås har skrive resten av notatet. Heidi Knutsen har lest gjennom og komme med nyttige kommentarar. Takk til Anne Bente Ellevold som har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, februar 2008
Ivar Pettersen

Innhald

1 INNLEIING	1
2 ØKONOMI OG ARBEIDSFORBRUK PÅ SORTSNIVÅ I FRUKTDYRKINGA	3
2.1 Økonomi	3
2.2 Arbeidsforbruk	6
2.3 Oppsummering	7
3 ØKOLOGISK MJØLKEPRODUKSJON	9
3.1 Resultat.....	9
4 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	13
4.1 Resultatmål i jordbruket	13
4.1.1 Driftsoverskot	13
4.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)	16
4.1.3 Lønsevne per time	18
4.2 Skogbruket	22
4.3 Totaløkonomien på vestlandsbruka	23
4.3.1 Nettoinntekt.....	23
4.4 Nettoinvestering	24
4.5 Gjeld.....	26
4.6 Soliditet - eigenkapitalprosent.....	27
5 SKATT.....	29
6 DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2006	33
7 TABELLSAMLING 2002–2006	37
FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA	89

Figurar

Figur 4.1 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet	14
Figur 4.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet	15
Figur 4.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet	15
Figur 4.4 Jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet	16
Figur 4.5 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -mjølk/ storfekjøt og mjølk/ sau	17
Figur 4.6 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt.....	18
Figur 4.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.....	19
Figur 4.8 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene	20
Figur 4.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet	22
Figur 4.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet	23
Figur 4.11 Prosentvis fordeling av nettoinntekt til brukarfamilien på Vestlandet	24
Figur 4.12 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet	25
Figur 4.13 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk/ svin, mjølk, sau og frukt.....	26
Figur 4.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer	27
Figur 4.15 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene	28
Figur 6.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2006.....	35

Tabellar

Tabell 2.1	Dekningsbidrag I og II per dekar, på ulike arter.....	4
Tabell 2.2	Dekningsbidrag I og II per dekar, for ulike eplesortar.....	5
Tabell 2.3	Tal arbeidstimar på ulike fruktartar	6
Tabell 2.4	Tal arbeidstimar på ulike eplesortar.....	7
Tabell 3.1	Samanlikning mellom svakaste og beste gruppe, sortert etter driftsoverskot per liter mjølk.....	10
Tabell 3.2	Samanlikning av økonomien mellom svakaste og beste gruppe i økologisk mjølke produksjon	11
Tabell 4.1	Mjølk/storfeproduksjon, Vestlandet og landet.....	21
Tabell 4.2	Saueproduksjon på Vestlandet og i heile landet	22
Tabell 5.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region	30
Tabell 5.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Vestlandet	30
Tabell 5.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstørleik.....	31
Tabell 6.1	Samla oversikt for 2006	35

Tabellsamling

Tabell 1	Landsdeltal, Vestlandet	38
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland	41
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane	44
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal	47
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer	50
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer	53
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer	56
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer.....	59
Tabell 9	Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer	62
Tabell 10	Vestlandet, driftssformer, mjølkeproduksjon.....	65
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, sauehald	68
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin	71
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau	74
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt.....	77
Tabell 15	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr	80
Tabell 16	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr	83
Tabell 17	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe fra og med 20 årskyr.....	86

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter fra jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgjeiring, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvalting.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekryterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltakarbruka skifta ut.

Oppbygging av notatet

I 2006 var det i alt med 912 bruk i driftsgranskingane. Av desse kom 168 bruk frå Vestlandet. Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra med hovudvekt på rekneskapsåret 2006.

I kapittel to ser vi nærmere på fruktdyrkinga på Vestlandet. Kapittel tre viser økonomien i økologisk mjølkeproduksjon og kapittel fire viser utviklinga i økonomien i jordbru-

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjett nemnda i jordbruket

ket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. Kapittel fem inneholder informasjon om jordbruksfrådraget og inntektsverknad av dette. Sjette kapittel inneholder den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandler driftsresultatet i jordbruket for året 2006. Kapittel sju er sjølve tabellsamlinga som inneholder tal frå driftsgranskningane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjoner. Utvalet av bruk i driftsgranskningane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvar fylke, men for regionen. Alle dei økonomiske dataa i kapittel sju (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Økonomi og arbeidsforbruk på sortsniva i fruktdyrkinga

NILF har gjennom mange år registrert økonomidata fra fruktnæringa. Registreringane starta i samband med modellbruka på slutten på sytti-talet. Ei stamme av verstsbruk har utgjort datamaterialet sidan den gong, og fleire nye er komne til. Formålet med registreringane har vore å måle økonomien i fruktnæringa og samanlikne med andre produksjonar med tanke på inntektsutvikling.

Ønske frå næringa om data som kan vise økonomien i ulike fruktartar resulterte i at tre dyrkarar starta registrering med å dele kostnader og arbeidstimer mellom eple, pærer, plommer og søtkirsebær. Desse registreringane starta opp på slutten av nitti-talet. Resultata har vist at det er store variasjonar mellom fruktartar når ein tek omsyn til arbeidsforbruk. Mange dyrkarar hevdar også at det er store skilnader i økonomi mellom ulike sortar innanfor kvar art. Tre dyrkarar sa seg villige til å registrere kostnader og arbeidsforbruk på sortsnivå. NILF har følgt dei tre dyrkarane over tre år, 2003, 2004 og 2005. Det har vore gjort nøyaktige arbeidsregistreringar på sortsnivå. I tillegg er dei variable kostnadene fordelt på sortsnivå. Inntektene for kvar sort med frådrag for alle kostnader på fruktlagret, er også registrert på kvar sort.

I undersøkinga som denne artikkelen bygger på, har vi difor valt å sette fokus på kva art som gjev best økonomi, er det eple, pærer, plommer eller søtkirsebær? Kva sortar innan dei enkelte artane gjev best økonomisk resultat? Og kva andre forhold enn økonomi spelar inn ved val av sort og fruktart? I artikkelen nøyer vi oss med å presentere hovudresultata for forskjellen mellom eple, pærer, plommer og søtkirsebær og for ulike eplesortar. Meir utfyllande stoff om undersøkinga er publisert i NILF-rapport 2008-4.

2.1 Økonomi

Ein produsent ser gjerne på kva art eller sort som gjev god avling og kva prisar den aktuelle arten eller sorten gjev når ein vurderer lønsemnda. Avlingsmengda som vi presen-

terer i denne artikkelen, er eit vekta snitt over alle åra for alle dyrkarane. Prisen for klasse 1 frukt er nettoprisen dyrkaren sit igjen med, når alle trekk ved fruktlagret er gjenomført. Distrikts- og kvalitetstilskot er ikkje med i prisen.

For å vurdere lønsemda, må ein trekke frå kostnader til sprøytemiddel, gjødsel, emballasje og diverse forbruksartiklar. Resultat for dette er presentert ved dekningsbidrag I. Endå viktigare for lønsemda, er kva produsenten sit att med også når arbeidskostnader er trekt i frå, dette er presentert ved dekningsbidrag II. Ved val av timesats, har vi lagt til grunn jordbrukstariffen frå Norsk skog- og landarbeiderforbund og arbeidsgjevaravgift for Vestlandet i dei aktuelle åra. I gjennomsnitt var timesatsen i desse åra rett i overkant av kr 140.

Resultata som er vist i tabellane i denne artikkelen, er det vekta snittet for alle dyrkarane over alle åra.

Tabell 2.1 Dekningsbidrag I og II per dekar, pa ulike arter.

Art	Avling, kg pr daa	Pris kl. 1, kr	Dekningsbidrag I	Dekningsbidrag II
Epler	1 150	6,59	10 164	3 631
Plommer	643	15,18	10 297	191
Søtkirsebær	521	38,58	19 273	755
Pærer	826	6,73	7 571	2 998

Ved dekningsbidrag I, gjev søtkirsebær best resultat per dekar med kr 19 273. Eple og plommer ligg nokså jamt, rett i overkant av kr 10 000 per dekar, medan pærer ligg lågast, med om lag kr 7 500 per dekar. Desse artane har ulik arbeidsmengd, noko ein ser resultatet av ved dekningsbidrag II, der arbeidskostnadane er trekte frå dekningsbidrag I.

Ved dekningsbidrag II viser undersøkinga at ein bør produsere eple eller pærer, som gjev høvesvis kr 3 631 og kr 2 998 per dekar. Pære som viste seg lite lønsamt ved dekningsbidrag I, er no lønsam sidan arten ikkje er spesielt arbeidskrevjande. Søtkirsebær som viste best lønsemnd per dekar ved dekningsbidrag I, viser eit resultat i overkant av kr 750 per dekar. Dårlegast ut av artane kjem plommer. Ein slik observasjon er kanskje noko overraskande, sidan det er ein art som ein vert tilrådd å dyrke, og som det er ein del nyplantning av. Plommer viser kr 191 i dekningsbidrag II per dekar årleg.

Resultata i undersøkinga viser at det er mest lønsamt å dyrke eple dersom ein legg dekningsbidrag II til grunn. Dette resultatet endrar seg noko om ein reduserer timesatsen på arbeidsforbruket. Ved ein reduksjon i timesatsen til kr 100, vert søtkirsebær arten som er mest lønsam å dyrke, dette fordi det er den mest arbeidskrevjande arten. I følgje NILF sine driftsgranskingar, viser tal frå Vestlandet at fruktdyrkaren oppnådde ei lønsnevne per time på kr 85,21 i 2006.

Dersom arealet er minimumsfaktoren ved dyrking, løner det seg best å dyrke den arten som har høgast dekningsbidrag I. I dette tilfellet er det søtkirsebær. Dersom ein ynskjer høgast mogeleg timepris for innsett arbeid, løner det seg best å dyrke eple. For dyrkarar flest vil det vere best lønsemnd å dyrke fleire ulike arter for å nytte ut arbeidskraft og marknad i løpet av sesongen. Då er økonomien i dei ulike sortane interessant å studere.

Vi vil no sjå på den arten som viste best lønsemnd ved dekningsbidrag II, når ein nytta timeprisen i jordbrukstariffen, nemleg eple.

Tabell 2.2 Dekningsbidrag I og II per dekar, for ulike eplesortar

Eblesort	Avling	Pris kl. 1	Dekningsbidrag I	Dekningsbidrag II
Aroma	1 300	6,36	11 387	4 943
Discovery	1 218	8,55	13 429	7 390
Gravenstein	1 303	5,22	9 579	4 281
Quinte	481	7,57	3 978	-1 693
R.Gravenstein	1 484	5,85	12 281	6 109
R.Prins	698	5,95	5 159	-1 864
Summerred	1 299	6,92	11 843	4 456
Vista Bella	1 020	7,35	9 407	1 052
Gj.snitt eple	1 150	6,59	10 164	3 631

Resultata i undersøkinga viser at Discovery gjev høgast dekningsbidrag, rett i overkant av kr 13 400, per dekar. Andre sortar som har høgt dekningsbidrag er Aroma, Raud Gravenstein og Summerred som alle ligg over kr 11 000 per dekar.

I motsett ende er det to sortar som skil seg ut med lågt dekningsbidrag I, desse sortane er Raud Prins og Quinte som den dårligaste. Dekningsbidrag I for desse sortane er for Raud Prins kr 5 195 og for Quinte kr 3 978 per dekar.

Dekningsbidrag II skal dekke faste kostnader på bruket og rente på kapitalen, og vert utrekna på same måte som det vart gjort på artar, ved å trekke arbeidskostnader ifrå dekningsbidrag I.

Resultata i tabellen viser to sortar som peikar seg ut med høgt dekningsbidrag II. Dette er Discovery med nærmare kr 7 400 og Raud Gravenstein som ligg i overkant av kr 6 100 i dekningsbidrag II per dekar. Under desse to sortane på toppen, finn ein 3 sortar som alle gjev eit godt resultat, med dekningsbidrag II liggande mellom kr 4 000–5 000. Desse sortane er Aroma, Gravenstein, og Summerred.

Sortane som kjem dårligast ut ved dette resultatmålet, er Raud Prins og Quinte, som har eit negativt dekningsbidrag II på høvesvis 1 864 og 1 693 kr per dekar. Resultata frå tabellen viser at sortar som ligg høgt i dekningsbidrag I, også ligg høgt i dekningsbidrag II med få unnatak. Unnataket er Vista Bella som har eit dekningsbidrag på nivå med Gravenstein. Denne sorten er meir arbeidskrevjande, noko som gjer at sorten er mindre lønsam om ein legg dekningsbidrag II til grunn.

Undersøkinga viser og to sortar² som gjev dårligare avling enn dei andre. Sortane dette gjeld er Quinte med 481 kg og Raud Prins med 698 kg per dekar. Eit stort problem for desse sortane er at dei har stor vekslerbering, som gjev låge snittavlingar.

Skal ein konkludere ut frå resultata med dekningsbidrag I og II, er dei mest lønsame eplesortane i vår undersøking Aroma, Discovery, Summerred og Gravensteinvariantane. Dei siste åra har enkelte av grossistane vore lite interesserte i å ta imot Gravenstein, og nokre felt med sorten er rydda før normalt for omløpet. Legg ein berre økonomisk resultat til grunn, velgjer ein vekk sortar som Raud Prins og Quinte. Andre faktorar som arbeidskapasitet og etterspurnaden i marknaden etter tidlege sortar, kan likevel føre til at ein dyrkar sortar som ikkje gjev det beste økonomiske resultatet per dekar. Eit anna viktig moment ved samansetting av sortar, er krav til pollensortar, som er avgjerande for resultatet.

² Meir om fruktsortar kan ein til dømes lese i Kvåle (1990 og 1995) og Redalen og Vestrheim (1991)

2.2 Arbeidsforbruk

Resultat frå dei økonomiske analysane viser at timeforbruk er svært avgjerande for kor god ein art eller sort er økonomisk. Tala som dei 3 brukarane har registrert på sortsnivå, er det mest unike med heile undersøkinga, og vi presenterer tal arbeidstimar for alle artar og eplesortar.

Tabell 2.3 Tal arbeidstimar pa ulike fruktartar

Art	Tal dekar i bering	Hausta kg	Hausta kg, kl. 1	Sum timar, før hausting	Timar hausting	Sum timar	Hausta avling kl. 1, per haustetime	Arbeidstimar, per hausta tonn kl. 1	Areal per hausta tonn kl. 1
Edda	283,6	1 410	1 150	25,3	20,8	46,1	55,0	40,3	0,9
Plommer	49,1	643	643	30,7	41,2	71,8	15,7	111,2	1,6
Søtkirsebær	85,5	547	521	44,0	91,7	135,8	5,9	249,9	1,9
Pærer	45,7	937	826	22,2	10,3	32,5	80,3	39,4	1,2

1) Timar hausting inneholder alle arbeidsprosessar i haustinga, som er tilrettelegging, henting av emballasje, sortering (plommer) og transport til lager

Tabellen viser ni ulike parameter. Tal dekar i bering viser det totale tal dekar som er i bering av arten hjå alle brukarane over alle åra i undersøkinga vår. Hausta kg, hausta kg klasse 1, timar før hausting, timar til hausting og sum timar, er tal frå alle brukar over alle åra. Resultata er eit vekta gjennomsnitt per dekar. I timar til hausting er alle arbeidsprosessar som er høyrer med i haustinga medrekna, det vil sei tilrettelegging, henting av emballasje, sortering (plommer) og transport til lager. Dette fører til at haustekapasiteten vert noko lågare enn om ein berre hadde rekna med sjølve haustinga. Hausta avling klasse 1 per haustetime, er kva ein klarar å hauste i kg av klasse 1 frukt per time. Arbeidstimar per hausta tonn klasse 1, er tal arbeidstimar ein treng for å dyrke eit tonn klasse 1 og areal per hausta tonn, er kva areal ein treng for å produsere eit tonn klasse 1.

Tabellen viser at søtkirsebær er den mest arbeidskrevjande arten, med 44 timar før hausting og 91,7 timar til hausting. Tal timar til hausting er avhengig av tal kg per dekar. Areal med stor avling fører til at ein brukar lengre tid å hauste avlingen på dette arealet. Avlingsnivået vi opererer med i vår undersøking, er kva dyrkarane faktisk har oppnådd. Resultatet på 91,7 timar per dekar til hausting, gjev ein haustekapasitet på 5,9 kg klasse 1 per time. På same måten som tid nytta til hausting, er haustekapasiteten avhengig av storleiken på avlinga per dekar. Ved stor avling vil kunne hauste meir på kvar stad før ein flyttar på seg, og dette fører til høgare haustekapasitet per time.

Eple er mindre arbeidskrevjande enn søtkirsebær. Før hausting nytta dyrkarane 25,3 timar, medan haustinga tok 20,8 timar per dekar. Haustekapasiteten på eple klasse 1 er 55 kg per time, medan totalt arbeidskrav er 40,3 timar for å produsere 1 tonn eple. Tala for plommer viser at sum timar før hausting er 30,7, medan haustinga er på 41,2 timar. Haustekapasiteten hjå våre dyrkarar er 15,7 kg per time, og ein treng 111,2 timar for å produsere 1 tonn plommer. Pærer er den minst arbeidskrevjande arten. Våre tal viser 22,2 og 10,3 timar, til høvesvis arbeid før og til hausting. Haustekapasiteten for pærer er 80,3 kg for klasse 1 per time, og ein treng 39,4 timar for å produsere 1 tonn pærer.

Samanliknar ein arbeidsforbruk for dei fire fruktartane, viser undersøkinga at søtkirsebær er mest arbeidskrevjande. Deretter kjem plommer, eple og pærer.

Tabell 2.4 Tal arbeidstimar på ulike eplesortar

Art	Tal dekar i bering	Hausta kg	Hausta kg, kl. 1	Sum timar, før hausting	Timar haus- ting	Sum timar	Hausta avling kl. 1, per hauste- time	Arbeids- timar, per hausta tonn kl. 1	Areal per hausta tonn kl. 1
Aroma	63,3	1 722	1 300	23,0	22,6	45,6	57,5	35,1	0,8
Discovery	32,6	1 496	1 218	25,4	17,4	42,8	70,2	35,1	0,8
Gravenstein	29,3	1 593	1 303	17,9	19,6	37,5	66,6	28,7	0,8
Quinte	19,2	635	481	22,4	17,9	40,3	26,8	83,8	2,1
R.Gravenstein	31,2	1 838	1 481	19,1	24,5	43,7	60,3	29,5	0,7
R.Prins	26,8	781	698	30,7	19,0	49,7	36,7	71,2	1,4
Summerred	46,2	1 479	1 299	28,9	23,2	52,2	55,9	40,2	0,8
Vista Bella	16,3	1 130	1 020	37,7	21,3	59,1	47,8	57,9	1,0
Vekta									
snitt alle	283,6	1 410	1 150	25,3	20,8	46,1	55,0	40,3	0,9

1) Timar hausting inneholder alle arbeidsprosessar i haustinga, som er tilrettelegging, henting av emballasje og transport til lager

Gul og Raud Gravenstein har lågast timeforbruk før hausting, med høvesvis 17,9 og 19,1 timer per dekar. Desse sortane gjev også gode avlingar, som fører til at dette er einaste sortane ein treng under 30 timer for å produsere eit tonn av.

Vista Bella og Summerred er arbeidskrevjande sortar. Grunnen til at Vista Bella er så arbeidskrevjande, kjem av mykje tynningsarbeid. Her brukar ein 19 timer, som er meir enn 10 timer over snittet for denne arbeidsoperasjonen.

2.3 Oppsummering

Undersøkinga viser at det er stor skilnad både mellom dei ulike fruktartane og mellom sortar, både når det gjeld dekningsbidrag og arbeidstid. Når det gjeld lønsemda viser undersøkinga at timepris dyrkarane må betale for arbeidskrafta, er avgjerande for resultatet til arten eller sorten. For dyrkarane gjeld det å setja saman artar og sortar på ein slik måte et ein kan utnytte både areal og arbeidskraft på ein optimal måte.

3 Økologisk mjølkeproduksjon

For å få betre kunnskap om økonomi, produksjon og forbruk av arbeid ved økologisk drift, vart det for rekneskapsåret 2006 rekruttert til saman 32 økologiske mjøkeproduzentar til driftsgranskingane, fordelt over heile landet.

I dette kapittelet presenterar vi resultat³ frå undersøkinga om økonomi, produksjon og arbeidsforbruk, der vi spesielt ser på innbyrdes variasjonar mellom dei økologiske brukna. Bruka er sortert etter driftsoverskot per liter mjølk. Dette sorteringskriteriet er brukt fordi kvotesystemet for mange mjøkeprodusentar er den avgrensande faktoren for produksjonsvolumet. Denne avgrensinga vil vere styrande for kva disposisjonar brukaren kan gjere for å få eit best mogeleg økonomisk resultat.

Bruka er delt inn i tre grupper; tredelen med best resultat, frå no av «beste tredel», tredelen med svakaste resultat, «svakaste tredel» og tredelen med resultat rundt gjenomsnittet. Utrykka svakaste og beste viser berre til storleiken på dei målte beløpa. Samanlikninga i tabellen under set svakaste tredel opp mot beste.

3.1 Resultat

Svakaste gruppa har fleire årskyr, produserer meir mjølk og har noko meir areal. Beste gruppe derimot, produserer meir grovfôr per daa, har høgare yting per årsku og produserer meir kjøt til slakt. Kvotefylling er temmeleg likt for gruppene.

For produksjonsinntektene er det lite som skil, og det er først når vi kjem til kostnadene, vi ser kva som gjev variasjonen i det økonomiske resultatet. Den svakaste gruppa har både høgare variable- og faste kostnader, og skilnadene er store. For dei variable kostnadene er det fôrkostnadene som viser størst avvik. Den svakaste gruppa fôrar for kr 5 700 i kraftfôr per årsku, eller for kr 1,15 per liter mjølk. Tilsvarande tal for den beste gruppa er kr 4 500 og kr 0,87. For anna innkjøpt fôr er kostnaden kr 1 895 per

³ Resultata i denne artikkelen er utdrag frå eit notat om økologisk mjølkeproduksjon, NILF notat 2008-2, Det krever sin bonde.

årsku for den svakaste gruppa, og kr 290 for den beste. Meir sjølvprodusert fôr i den beste gruppa forklarer mykje av skilnaden.

Ser vi på dei faste kostnadene er det kostnader til leigd hjelpe og maskinleige som gjev størst utslag. Kostnadene til leigd arbeid utgjer 70 prosent meir for den svakaste gruppa, og for maskinleige, heile 370 prosent meir (sjå tabell 3.2).

Resultatet er at den beste gruppa oppnår eit vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, på kr 217 800 og ein lønsevne per time på kr 108. Tilsvarande tal for svakaste gruppe er kr 114 000 og kr 51.

Den svakaste gruppa har eit betre driftsoverskot både for skogen, tilleggsnæring og anna næring, og noko meir i lønsinntekt. Det kan sjå ut som at denne gruppa brukar meir tid på andre aktivitetar i og utanfor bruket, enn på mjølkeproduksjonen, og har meir leigd arbeidskraft. Den beste gruppa brukar tid i drifta. Ser vi på resultatutrekningane og nettoinntekta, som er summen av driftsoverskotet av alle yrkesgreiner, lønsinntekt og trygd, ser det ut til å løne seg.

Av dei økonomiske resultata ser vi at dei som gjer det best, er dei som legg mest eigen tid i drifta. Den same tendensen ser vi blant konvensjonelle mjøkebønder når det gjeld variasjon, der den beste tredele utfører ein større del av arbeidet i drifta sjølv. Dei som bruker mykje av eigen arbeidstid på andre aktivitetar, kjem økonomisk dårligare ut enn dei som har høg eigeninnsats i mjøkeproduksjonen.

Tabell 3.1 Samanlikning mellom svakaste og beste gruppe, sortert etter driftsoverskot per liter mjølk

	Svakaste gruppe	Beste gruppe
Tal observasjonar	11	11
Areal i alt, daa	331	321
<i>herav grovfor og beite</i>	295	278
Avlingar i FEm/daa	295	346
Grovfor og beite	294	350
Storfe		
Arskyr, stk.	19,8	18,1
Kviger over eit ar, stk.	10,4	8,8
Oksar over eit ar, stk.	1,2	2,8
Mjølk per arsku, kg	5 662	5 961
Omsett mjølk, l	97 834	93 062
Mjølkekvote, l	102 912	37 630
Prisar, kr		
Mjølk	4,13	4,09
Kukjøt	30,50	32,07
Storfekjøt	33,19	36,47
Arbeid i jordbruket, t	3 628	3 441
<i>herav leigd arbeid, t</i>	1 095	508
Arbeid per arsku, t	183	190
Arbeid per l mjølk, min	2,2	2,2

Tabell 3.2 Samanlikning av økonomien mellom svakaste og beste gruppe i økologisk mjølke produksjon

	Svakaste gruppe	Beste gruppe
Produksjonsinntekter, kr		
Husdyrprodukt av storfe	507 100	514 000
<i>herav mjølk</i>	404 100	381 100
<i>herav storfeslakt (eksl. ku)</i>	12 800	42 400
Andre husdyrprodukt	8 000	600
Tilskot	340 100	333 500
<i>herav areal og kulturlandskapstilskot</i>	88 100	88 000
<i>herav husdyrtilstskot</i>	73 800	72 000
<i>herav pristilstskot</i>	79 500	76 300
<i>herav spesielle tilskot inkl. økologisk tilskot</i>	54 200	51 900
Andre inntekter (planteprodukt m.m.)	36 700	28 300
Sum produksjonsinntekter	891 900	876 400
Kostnader, kr		
Sum variable kostnader	233 400	161 000
<i>herav kraftfor</i>	112 800	80 800
<i>herav gjødsel og kalk</i>	2 800	1 900
<i>herav anna for inkl. balanseendring</i>	37 500	5 300
Sum faste kostnader, ekskl. avskrivinger	417 000	283 000
<i>herav leidt arbeid</i>	125 300	73 800
<i>herav maskinleige</i>	72 500	15 200
Avskrivinger	108 100	78 600
<i>herav bygninger</i>	57 100	40 900
<i>herav traktor, maskinar og reiskap</i>	48 600	36 300
Sum kostnader	758 500	522 600
Resultatutrekning, kr		
Dekningsbidrag, inklusiv tilskot	658 500	715 400
Dekningsbidrag per liter mjølk	6,73	7,69
Driftsoverskot i jordbruket	133 400	353 800
Driftsoverskot per liter mjølk	1,36	3,80
Driftsoverskot i skogen	46 600	-700
Driftsoverskot tilleggsnæring	81 300	36 121
Driftsoverskot anna næring	42 900	500
Lønsinntekter	181 800	155 800
Nettoinntekt	504 300	556 100
Vederlag til alt arbeid og eigenskap per arsverk	114 000	217 800
Lønsevne per arsverk	93 500	198 300
Lønsevne per time	50,67	107,49

4 Tрендар og økonomisk utvikling siste tiaret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1997 til og med 2006. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einskilde bruk gje utslag på resultata.

Alle resultata i dette kapittelet er omrekna til 2006-kroner etter konsumprisindeksen.

4.1 Resultatmal⁴ i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


4.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Utviklinga for Vestlandet har følgt same trenden som resten av landet. I 2006 låg gjennomsnittleg driftsoverskot på Vestlandet på nivå med 2005, medan driftsoverskotet i resten av landet gjekk ned med 5 prosent (figur 4.1). Årsaka til nedgang i driftsoverskotet på landsbasis var ein stor kostnadsvekst frå 2005 til 2006. Det var særleg kostnader til kraftfør og maskinleige som auka, og leasingkostnader spesielt. Dei siste tre åra har skilnaden i driftsoverskot mellom landet og Vestlandet blitt mindre, og i 2006 er skilnaden på kr 11 000, noko som er 50 prosent mindre enn i 2005. Viktigaste årsaka til dette er at skilnaden i storleik på brukta på Vestlandet og resten av landet har minka i utvalet. Det har vore ein stor avgang av små bruk frå næringa dei siste åra, medan nye store einingar er komne til.

⁴ Sjå forklaringa på faguttrykk bakerst i notatet.

For Vestlandet har driftsoverskotet halde seg jamt rundt kr 200 000 gjennom perioden. Lågast driftsoverskot var det i 1999 med kr 182 000, og høgast i 2002, med kr 215 000. Endring i gjennomsnittleg driftsoverskot siste år er lite.



Figur 4.1 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet


Kombinasjonen mjølk og svin har det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden. Dette er relativt store bruk med 219 dekar innmark i middel, og med eit produksjonsomfang i middel på 15,1 årskyr, 26 purker og 339 slaktegrisar. Dei har hatt eit driftsoverskot på mellom kr 350 000 og kr 400 000 siste halvdel av perioden, men trenden er snudd, og i 2006 låg driftsoverskotet på kr 313 000 (figur 4.2). Dette skuldast auke i kraftførkostnader og leasingkostnader. Investeringsnivået for denne driftsforma var i 2006 på det lågaste i siste tiårs perioden. På grunn av utskifting av bruken i driftsgranskingsane auka avskrivningane med 5,8 prosent og det påverkar også driftsoverskotet. I følgje driftsgranskingsmaterialet har Vestlandet størst auke i leasingkostnader i 2006, sjølv om leasingkostnadene framleis er lågast på Vestlandet. Driftsgranskingsmaterialet viser at to tredeler av kostnadene til leasing på Vestlandet skrive seg frå Møre og Romsdal⁵.

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøt er den største driftsforma på Vestlandet. I denne gruppa har det vore små endringar gjennom heile tiårs-perioden, og det gjennomsnittlige driftsoverskotet for 2006 er på kr 248 000.

Fruktbruka hadde i 2005 det lågaste driftsoverskotet i perioden, men i 2006 auka overskotet med 58 prosent og låg på kr 195 000. Årsaka ligg i gode fruktavlingar i 2006 samstundes som fruktprisane låg på eit gjennomsnittleg nivå.


Sauenhald har hatt eit lågt driftsoverskot i heile perioden samanlikna med andre driftsformer. Sauenbruka på Vestlandet er små, og har svakare økonomi enn på landsbasis. Hovudårsaka er liten produksjon per bruk samanlikna med landsgjennomsnittet. Det har vore små endringar over perioden, men vi ser ein liten, positiv trend dei siste fem åra. Den same tendensen ser vi på landsbasis. Årsaka er auka produksjon, auke i prisen på sau- og lammekjøt kombinert med ein moderat kostnadsauke.

⁵ Kjelde: Notat 2007-18 «Gjeld og driftskreditundersøkelse på bakgrunn av driftsgranskingsmaterialet for 2006»



Figur 4.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

Driftsoverskotet for ulike storleiksgrupper varierer. Bruk over 300 daa inneholdt fram til 2002 flest mjølk- og svineprodusentar. I 2006 var det mjølkeprodusentar som dominerte gruppa med 58 prosent. Likevel er det bruka med er mjølk og svin som trekkjer ned driftsoverskotet for storleiksgruppa. Den minste gruppa, bruk under 50 daa, er i hovudsak bruk med fruktproduksjon og mindre saueprodusentar.




Figur 4.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

4.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Jordbruksinntekta er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til for-renting av eigenkapitalen.

Figur 4.4 viser jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og for Vestlandet. For Vestlandet ligg snittet mellom kr 140 000–150 000 gjennom perioden. I 2006 var jordbruksinntektene per årsverk på kr 149 000, og det er det er nest beste resultatet gjennom tiårsperioden. Gjennomsnittet for Vestlandet har hatt same utvikling som landet gjennom heile perioden, men har lege om lag kr 20 000 per årsverk under landsgjennomsnittet. Dette kan forklaast med mindre produksjonseiningar på Vestlandet.




Figur 4.4 Jordbruksinntekten per årsverk for heile landet og Vestlandet

Jordbruksinntekt for bruken med produksjonsforma mjølk /svin gjekk drastisk ned i 2006. Nedgangen var på kr 46 000 per årsverk. Det skuldast auke i maskinleigekostnader og kraftførkostnader kombinert med auke i rentenivå, medan produksjonsinntektene låg på same nivå som året før. Årsaka til auka kraftførkostnader kan vere at produksjonsomfanget auka med 1,3 årskyr, og at bøndene gjekk over til dyrare kraftførtyper. Mjølk-/svineprodusentane oppnådde dermed svakare resultat enn mjølkeprodusentane i 2006.

Driftsforma mjølk/storfekkjøt har også hatt ein liten nedgang i resultatet. Mjølk/storfekkjøt produsentane auka tal årskyr med 2,3 medan produksjonsinntektene auka med 10,5 prosent. Kostnadene til maskinleige og kraftfør auka også for denne gruppa.


Mjølk- og saupekjøt produsentane auka produksjonen med 0,3 årskyr og 6 vinterfôra sau. Dei auka produksjonsinntekta med 2,8 prosent, medan kostnader i alt auka med 5,9 prosent. Resultatet for denne driftsforma var om lag uendra fra 2005 til 2006.



Figur 4.5 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -mjølk/ storfekjøt og -mjølk/ sau

Fruktavlingane varierer mykje mellom år. Vekslerbering er ofte eit problem i fruktnæringa. I 2005 var avlingane låge og fruktprodusentane fekk også eit svakt økonomisk resultat dette året. I 2006 derimot sorgde høge avlingar for det beste resultatet dei siste ti åra. Høg fruktavling i 2006 førte til at kostnadene for leid arbeid auka med 78 prosent i forhold til 2005. Fruktbønder hadde i snitt ei nettoinvestering på kr 30 000 i 2006. Det var høgaste nettoinvesteringa i siste tiårsperioden.

Dei reine sauebruka er dei som jamt over har den lågaste jordbruksinntekta. Prisane på sau- og lammekjøt har gått opp med over kr 3 per kg, og kiloprisen var i 2006 i snitt på kr 30,32. Trass låg lønsemd i sauenæringa, har brukar i vårt utval hatt ein produksjonsauke siste året, noko som har påverka jordbruksinntekta positivt.




Figur 4.6 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt

4.1.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimer. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering.

Lønsevna per time for vestlandsbruka var i 2006 på kr 71,00 (figur 4.7). Vi ser av figuren at lønsevna per time gjekk ned fra 2005. Hovudårsaka til dette er renteauken som slår sterkt ut når ein godskriv all innsett kapital. Vestlandet har hatt same utviklinga som resten av landet gjennom tiåret, men nivået ligg noko under landsgjennomsnittet.



Figur 4.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.

Lønsevna for driftsformene mjølk/ storfekjøt og mjølk/ sau har gått ned siste året, og var i 2006 på høvesvis kr 78 og kr 61 per time mot kr 82 og kr 64 i 2005 (figur 4.8). Lønsevna for sauebønder har halde fram med ei positiv utvikling, og auka i 2006 til kr 41 per time mot kr 37 i 2005. Økonomien i sauehaldet er framleis svært svak på Vestlandet som elles i landet, trass i ein liten auke kvart år sidan 2001. Lønsevna for fruktbøndene viste ein kraftig oppgang i 2006, og denne gruppa hadde det beste resultatet i siste tiårsperiode med kr 87 per time.



Figur 4.8 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

Det kan vere interessant å sjå kva som skil Vestlandsbruk frå bruk elles i landet. I tabellane under har vi valt å sjå på produksjonsformene mjølk/ storfekjøt og sau, og sammenlikna dei med tilsvarende produksjon i heile landet for året 2006.

Det er lite som skil mjølkebruken på Vestlandet frå mjølkebruken elles i landet. Vestlandsbruka er nok minst, har mindre mjølkekvote og omset mindre storfekjøt. Dei er elles like produktive og effektive som mjøkeprodusentane i resten av landet.

Tabell 4.1 Mjølk/storfeproduksjon, Vestlandet og landet

Mjølk/storfe	Vestlandet	Heile landet
rskyr	17,6	18,2
Jordbruksareal, daa	246,7	275,7
Mjølkekvote	107 697	111 028
<i>Timar i jordbruket</i>	3 232	3 390
Timar per arsku	184	186
<i>Produksjon</i>		
Mjølk per arsku, kg	6 726	6 723
Storfekjøt omsett, kg	3 786	4 516
<i>Prisar</i>		
Mjølk, kr	3,46	3,53
Kukkjøt, kr	29,33	29,11
Anna Storfekkjøt, kr	34,82	34,54
<i>Resultatmal</i>		
Driftsoverskot, kr	247 854	251 432
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per arsverk	162 000	163 241
Lønsevne, kr/time	76,49	77,17


Lønsemda i sauehaldet på Vestlandet har vore svak i ei årrekke. Mykje av årsaka er at sauebruka på Vestlandet er mindre enn bruka elles i landet. Små og ofte tungdrivne bruk kan forklarer skilnaden i arbeidsforbruk. Vestlandsbruka produserer også mindre kjøt per vinterfôra sau (v.f.s.) og har færre gagnslam, og til saman gjer dette store utslag på driftsresultatet. For dei bruka som har stort produksjonsomfang, betyr økonomien meir. Dei må drive profesjonelt, og pris, kvalitet og mengde omsett kjøt betyr mykje meir for dei enn for dei med få dyr. Det er også slik at for dei små bruka vil alternativverdien av arbeidskrafta være høg. Mange brukarane i denne gruppa har full jobb ved sida av bruket, og dei har derfor vilje og evne til å investere i arbeidssparande tiltak som ikkje nødvendigvis står i forhold til omsetninga på bruket.

Tabell 4.2 Saueproduksjon på Vestlandet og i heile landet

Sau	Vestlandet	Heile landet
Tal vinterfora sau (v.f.s.)	103	129
Jordbruksareal, daa	159	178,4
Timar i jordbruket	1 984	2 147
Timar per v.f.s.	19,2	16,6
<i>Produksjon</i>		
Kjøt per v.f.s.,kg	25	28
Omsett sau- og lammekjøt, kg	2 664	3 562
	1,3	1,4
<i>Prisar</i>		
Sau- og lammekjøt, kr	30,32	29,82
Ull, kr	33,25	32,54
<i>Resultatmal</i>		
Driftsoverskot, kr	70 589	105 768
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per arsverk	89 500	114 902
Lønsevne, kr/time	40,53	53,44

4.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskningane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruken driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På nokre bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen er lågt gjennom heile perioden (figur 4.9). I 2006 utgjorde overskotet berre kr 60 per bruk. Det var lågaste resultat i siste tiårsperioden.




Figur 4.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

4.3 Totaløkonomien på vestlandsbruka

4.3.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta for vestlandsbruka har auka gjennom perioden på linje med resten av landet, og i 2006 auka nettoinntekta på Vestlandet med vel kr 12 000, medan i resten av landet har nettoinntekta per bruk hadde ein liten nedgang som skuldast utskifting av bruk i driftsgranskingane (figur 4.10).



Figur 4.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet

Figur 4.11 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Vestlandet. Driftsoverskotet frå jordbruksbonden utgjer ein stadig mindre del av dei samla inntektene til brukarfamilien. I 1995 henta mjølkebonden nærare 60 prosent av inntekta frå jordbruket, i 2006 utgjer driftsoverskotet frå jordbruksbonden berre 41 prosent av dei samla inntektene. I den same perioden har lønsinntektene auka med 17 prosentpoeng.




Figur 4.11 Prosentvis fordeling av nettoinntekt til brukarfamilien på Vestlandet

4.4 Nettoinvestering


Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivingar, investeringstilskot og verdien av selde eidedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom perioden, med unnatak av 2000 (figur 4.12). Den høgaste nettoinvesteringa var i 2004 med kr 68 500 per bruk i gjennomsnitt. Ein av grunnane til dette var historisk lågt rentenivå i 2004. I 2006 er investeringane tredobla i forhold til 2005, og låg på kr 67 000. Gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk var i 2006 nesten like høgt som i 2004. Nivået er om lag det same som for landsgjennomsnittet. Svak lønsemd og aukande rentenivå har ennå ikkje dempa investingslysta i jordbruket på Vestlandet.



Figur 4.12 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Bruka med driftsformene mjølk/ storfekjøt, sauehald og fruktproduksjon har hatt moderate investeringar dei siste 10 åra (figur 4.13). Det er driftsforma mjølk/ svin som i snitt har hatt dei største investeringane i perioden. Dei hadde store investeringar i 1998 og i perioden 2002/03. Driftsforma mjølk/svin hadde negativ nettoinvestering i 2006 med kr -1 500 per bruk i snitt. Mjølkebruken investerte svært mykje siste året, og i 2006 hadde driftsforma det høgaste investeringsnivået med gjennomsnitt på kr 135 500 per bruk. I mjølkeproduksjonen er spørsmålet ofte for mange å investere eller selje kvoten. Framtidig krav til lausdrift kan også vere ei årsak til dei høge investeringane på mjølkebruken. Fruktbruken og sauebruken hadde eit moderat investeringsnivå, noko som har prega driftsformene i heile perioden.




Figur 4.13 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk/ svin, mjølk, sau og frukt

4.5 Gjeld

Gjeld er her all gjeld for brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I løpet av siste tiårs-perioden har samla gjeld for vestlandsbøndene nesten blitt dobla til knapt ein million kroner i gjennomsnitt. Det er bruka med mjølk/ svin som har den høgaste gjelda med om lag 2,5 mill. kroner i gjennomsnitt (figur 4.14). Det siste året auka gjelda for produsentane av mjølk/svin med kr 130 000 trass i lågt investeringsnivå. Gruppa er lita, så noko av årsaka kan vere utskifting av bruk i driftsgranskingsmaterialet.

Bruka med frukt og bruka med sau har svært låg gjeld, men også i desse driftsformene har det vore ein auke siste år, og dei er no oppe i vel kr 550 000 i gjennomsnittsgjeld per bruk.



Figur 4.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer


4.6 Soliditet - eigenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Den viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital.

Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I materialet er alle egedelar til brukarfamilien med.

Ser vi på dei ulike driftsformene, er det driftsforma mjølk/ svin som har lågast eigenkapitalprosent, og det er god samanheng mellom dei årlege endringane i gjeld og nettoinvesteringane for desse brukta dersom ein ser bort frå siste året (figur 4.15). Mykje av dei investeringane som er gjennomførde dei siste åra, er finansiert med lånt kapital.

Mjølkebruka har også redusert eigenkapitalprosenten gjennom perioden, men ligg godt over dei tilrådde 50 prosentane. For dei andre driftsformene har eigenkapitalprosenten vore svært stabil og høg gjennom heile perioden.



Figur 4.15 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene

5 Skatt

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskningane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er ein del av inntektspolitikken i jordbruksforhandlingane. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gitt til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/ eller hagebruksverksemder eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

Jordbruksfrådraget vart innført i 2001, og i dei følgjande åra vart det utvida og auka fleire gonger. I 2006 vart frådraget følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 36 000 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 36 000 og opp til kr 222 800, vart frådraget kr 36 000 pluss 19 prosent av all inntekt over kr 36 000. Maksimalt frådrag som ein skatteyar kan få, er kr 71 500, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 222 800. Det vert betalt 28 prosent skatt av resten av inntekta.

